



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 26.06.2013

Sak nr.: 13/2234-7

Internt l.nr. 22705/13

Sak: 58/13

Tittel: Kulturutredningen 2014 - NOU 2013:4 - høyringsuttale

Behandling:

Frå hovudutval for kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil gi honnør til det omfattande utgreiingsarbeidet som er lagt fram i NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014. Arbeidet gir på ein god måte greie for utviklingstrekk innan norsk kulturpolitikk og ein god analyse av dagens tilstand på kulturfellet. Utgreiinga gir eit godt grunnlag for å utvikle ein nasjonal kulturpolitikk med ei sterkare satsing på lokal og regional kulturpolitikk.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til uttale frå Vestlandsrådet, og sluttar seg til denne.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar utvalet sitt forslag om ei utviding av kulturlova i form av nye plan- og ansvarsbestemmingar. Vi støttar vidare at kultur vert tatt inn i plan- og bygningslova på lik line med folkehelse.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil understreke behovet for å styrke samhandlinga mellom forvaltningsnivåa i utøving av kulturpolitiske verkemiddel. På same måte er det trond for ei betra samordning og samhandling mellom ulike departementa når det gjeld utvikling av ein heilskapleg kulturpolitikk.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til samhandlingsmodellen «Frå styringsdialog til samfunnsoppdrag» som vert foreslått nytta ovanfor institusjonane. Modellen kan vere eigna for samhandling mellom nasjonalt og regionalt nivå og også i høve til lokalt nivå.
6. KOSTRA-systemet må endrast slik at innrapportering på arkiv på ein betre måte viser funksjonen og tenesteinnhaldet i kommunal- og fylkeskommunal kultursektor.
7. Det er positivt at Kulturutredningen 2014 så klart får fram behovet for å satse på «den kulturelle grunnmuren». Det må forhandlast med KS om korleis ev. auka statlege

loyvingar til kultur i kommunane kan bidra til å styrke og utvikle biblioteka, kulturskulane og andre naudsynte tiltak for å sikre «den kulturelle grunnmuren».

8. Det er behov for ei storsatsing på digitalisering innan kultursektoren. Eit målretta løft og eit digitaliseringsprogram for kulturfeltet lokalt vil styrke kulturinstitusjonane i lokalsamfunnet, og nå ikkje minst yngre brukarar.
9. Kulturdepartementet og Nasjonalbiblioteket må finne ordningar for utlån av e-bøker. Det er avgjerande for dei små biblioteka i vårt fylke at staten sikrar dette tilbodet.
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i å styrke arrangørstøtteordninga. Det er eit viktig bidrag for å utvikle eit desentralisert musikkliv og arrangørkometansen lokalt. Fylkeskommunen må her få hove til å opptre som ein regional utviklingsaktør og produsent, til dømes i samarbeid med kulturhusnettverka.
11. Det er behov for betre samordning av det nasjonale nivået i DKS-ordninga. Kulturdepartementet må sjå nytt og heilskapleg på ressursinnsatsen på nasjonalt nivå og bygge opp ein ny organisasjon som kan ta i vare det nasjonale ansvaret for alle dei seks kunstuttrykka i DKS. Målet må vere betre samhandling mellom dei ulike forvaltningsnivåa og god total ressursutnytting innan DKS-ordninga på tvers av forvaltningsnivåa.
12. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at Kulturdepartementet legg opp til gode og føreseielege rutinar for dialog med fylkeskommunen og kommunane når det gjeld prioriteringar av tilskot til knutepunktfestivalar, regionteater, distriktsopera og museum.
13. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det statlege tilskotet til knutepunkt-institusjonar og musea vert auka opp frå dagens 60 % til 70 %.
14. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at Kulturdepartementet føl opp overfor Nordisk kunstnarsenter i Fjaler og sikrar høveleg bygningsmasse og rom for utvikling.
15. Vi støttar utvalet i at trass sterkt vekst til frivillige organisasjonar pga mva-kompensasjon, så må ordninga gjerast enklare slik at også den frivillige aktiviteten som svarar til ytringskultur får del i ordninga. Vi meiner ordninga må leggast om til å vere fullt fritak for mva for frivillig kulturaktivitet.
16. Sogn og Fjordane fylkeskommune har som nynorskfylke engasjert seg sterkt i å ta vare på og utvikle nynorsken. Vi forventar at staten fører ein aktiv språkpolitikk der omsynet til og respekten for nynorsk som bruksspråk på alle samfunnsområder har sin rettmessige plass.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slike framlegg til endringar i tilrådinga frå hovudutval for kultur:

Punkt 3:

Ordet «vidare» i 2. setning vert erstatta av «likevel ikkje»

Tillegg som innleiing til punkt 12:

Kravet til lokal finansiering i spleiselag med statleg finansiering utfordrar lokal prioritering av kultur og kulturutvikling. Det gjer også at kulturmídlar til frivillige lag og organisasjonar blir nedbygd.

Tillegg som innleiing til punkt 15:

Frivillig innsats må ha ein brei plass i kulturlivet, med gode rammevilkår og handlingsrom.

Avrøysting:

Tilrådinga frå hovudutval for kultur, med fylkesutvalet sine framlegg til endringar, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil gi honnør til det omfattande utgreiingsarbeidet som er lagt fram i NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014. Arbeidet gir på ein god måte greie for utviklingstrekk innan norsk kulturpolitikk og ein god analyse av dagens tilstand på kulturfellet. Utgreiinga gir eit godt grunnlag for å utvikle ein nasjonal kulturpolitikk med ei sterkare satsing på lokal og regional kulturpolitikk.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til uttale frå Vestlandsrådet, og sluttar seg til denne.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar utvalet sitt forslag om ei utviding av kulturlova i form av nye plan- og ansvarsbestemmingar. Vi støttar likevel ikkje at kultur vert tatt inn i plan- og bygningslova på lik line med folkehelse.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil understreke behovet for å styrke samhandlinga mellom forvaltningsnivå i utøving av kulturpolitiske verkemiddel. På same måte er det trond for ei betra samordning og samhandling mellom ulike departementa når det gjeld utvikling av ein heilskapleg kulturpolitikk.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til samhandlingsmodellen «Frå styringsdialog til samfunnsoppdrag» som vert foreslått nyttा ovanfor institusjonane. Modellen kan vere eigna for samhandling mellom nasjonalt og regionalt nivå og også i høve til lokalt nivå.
6. KOSTRA-systemet må endrast slik at innrapportering på arkiv på ein betre måte viser funksjonen og tenesteinnhaldet i kommunal- og fylkeskommunal kultursektor.
7. Det er positivt at Kulturutredningen 2014 så klart får fram behovet for å satse på «den kulturelle grunnmuren». Det må forhandlast med KS om korleis ev. auka statlege løyvingar til kultur i kommunane kan bidra til å styrke og utvikle biblioteka, kulturskulane og andre naudsynte tiltak for å sikre «den kulturelle grunnmuren».
8. Det er behov for ei storsatsing på digitalisering innan kultursektoren. Eit målretta løft og eit digitaliseringsprogram for kulturfellet lokalt vil styrke kulturinstitusjonane i lokalsamfunnet, og nå ikkje minst yngre brukarar.
9. Kulturdepartementet og Nasjonalbiblioteket må finne ordningar for utlån av e-bøker. Det er avgjerande for dei små biblioteka i vårt fylke at staten sikrar dette tilbodet.

10. Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i å styrke arrangørstøtteordninga. Det er eit viktig bidrag for å utvikle eit desentralisert musikkliv og arrangørkometansen lokalt.
Fylkeskommunen må her få høve til å oppstre som ein regional utviklingsaktør og produsent, til dømes i samarbeid med kulturhusnettverka.
11. Det er behov for betre samordning av det nasjonale nivået i DKS-ordninga.
Kulturdepartementet må sjå nytt og heilskapleg på ressursinnsatsen på nasjonalt nivå og byggje opp ein ny organisasjon som kan ta i vare det nasjonale ansvaret for alle dei seks kunstuttrykka i DKS. Målet må vere betre samhandling mellom dei ulike forvaltningsnivåa og god total ressursutnytting innan DKS-ordninga på tvers av forvaltningsnivåa.
12. Kravet til lokal finansiering i spleiselag med statleg finansiering utfordrar lokal prioritering av kultur og kulturutvikling. Det gjer også at kulturmiddlar til frivillige lag og organisasjoner blir nedbygd. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at Kulturdepartementet legg opp til gode og føreseielege rutinar for dialog med fylkeskommunen og kommunane når det gjeld prioriteringar av tilskot til knutepunktfestivalar, regionteater, distriktsopera og museum.
13. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det statlege tilskotet til knutepunkt-institusjonar og musea vert auka opp frå dagens 60 % til 70 %.
14. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at Kulturdepartementet føl opp overfor Nordisk kunstnarsenter i Fjaler og sikrar høveleg bygningsmasse og rom for utvikling.
15. Frivillig innsats må ha ein brei plass i kulturlivet, med gode rammevilkår og handlingsrom.
Vi støttar utvalet i at trass sterkt vekst til frivillige organisasjonar pga mva-kompensasjon, så må ordninga gjerast enklare slik at også den frivillige aktivitetten som svarar til ytringskultur får del i ordninga. Vi meiner ordninga må leggast om til å vere fullt fritak for mva for frivillig kulturaktivitet.
16. Sogn og Fjordane fylkeskommune har som nynorskfylke engasjert seg sterkt i å ta vare på og utvikle nynorsken. Vi forventar at staten fører ein aktiv språkpolitikk der omsynet til og respekten for nynorsk som bruksspråk på alle samfunnsonråder har sin rettmessige plass.